

Til Kunnskapsdepartementet

12. desember 2007

Forslag til endring i opplæringslova og privatskulelova

Kommentarar til høyringsnotatet frå Kunnskapsdepartementet

ISAAC (International Society for Alternative and Augmentative Communication) er ein internasjonal organisasjon som har som mål å arbeide for at personar med kommunikasjonsproblem skal ha reell mulighet til å nytte alternative og supplerande kommunikasjonsformar (ASK) i kvardagen sin. ISAAC Norge er med i den internasjonale organisasjonen. Gjennom flere år har ISAAC Norge arbeidd for at alle personar med trong for å nytte ASK i kommunikasjonen sin med andre, skal bli likestilte med andre i retten til å nytte sin kommunikasjonsform. Dette er nødvendig dersom brukarane våre skal bli inkludert og få eit godt liv likeverdig med andre.

ISAAC Norge har med interesse sett seg inn i forslaga til endringar i opplæringslova som kjem fram i høyringsnotatet. Vi vil med dette knytte ein del kommentarar til punktet om utviding av retten til tegnspråkopplæring i skulen; punkt 6 i høyringsnotatet.

Døve og hørselshemma er sikra rettar til tegnspråkopplæring gjennom opplæringslova. Når gruppa no endrar behov, vert det foreslått ei utviding av retten til tegnspråkopplæring. Kunnskapsdepartementet grunngjev forslaget om utviding av retten til tegnspråkopplæring med eit konkret og reelt behov hos eleven. Dette er ei anerkjenning av at dei som nyttar tegnspråk til å kommunisere med, treng lovfesta rett til opplæring i og bruk av sin måte å kommunisere på.

ISAAC Norge vil i denne samanheng framheve ei gruppe som på mange måtar kan samanliknast med dei som nyttar tegnspråk. Det gjeld dei som nyttar alternativ – og supplerande kommunikasjon (ASK). ASK- brukarane er barn, ungdom og vaksne som uttrykker seg på andre måtar enn berre gjennom tale. Dei kan mellom anna nytte blikkpeiking, handtegn, bilde, symboltavlar og datamaskiner. ASK-brukarar er i dag ikkje sikra spesielle rettar gjennom lovverket. Situasjonen er prega av at dei har store avgrensingar i kommunikasjonen sin, fordi kvardagen ikkje er tilstrekkeleg tilrettelagt. Dei får ofte ikkje opplæring i språket sitt og kommunikasjonsformane sine, og undervisningsmateriell tilrettelagt for ASK-brukarar manglar fullstendig. Familien får ikkje undervisning og kunnskap om barnet sitt språk, og kva muligheter som finst for barnet til å kommunisere.

Ofte har dei ikkje tilgang på kommunikasjonshjelpemiddel, og der er liten eller ingen kunnskap i skulen om korleis legge til rette for og gi opplæring i og på barnet sitt språk. I skulekvardagen er den grunnleggande retten til å kommunisere sett til sides, og opplæringa er korkje tilpassa eller likeverdig.

Når Kunnskapsdepartementet no foreslår ei utviding av retten til tegnspråkopplæring, vil ISAAC Norge be Kunnskapsdepartementet også om å foreslå ei utviding som vil vere med på sikre rettane til og likestille ASK-brukarane. Dei treng lovfesting av retten til opplæring på sitt språk, på same måte som døve og hørselshemma.

Grappa det her er snakk om, er ikkje talfesta gjennom norske undersøkingar. Ut frå internasjonale tall, anslår Tetzchner & Martinsen (2002) at 0,5 % eller ca. 5.400 barn og unge i alderen 1-19 år i Norge ikkje snakkar forståeleg nok til at tale kan vere hovedkommunikasjonsformen deira. Grappa må ha lovfesta rettane sine, om dei skal vere sikra ei likeverdig og tilpassa opplæring.

For å betre forholda er vi overtydde om at retten til å kunne nytte og få opplæring i ASK må lovfestast. Å få tilgang på kompetente lærarar, og få tilpassa nødvendig undervisningsmateriell og hjelpemiddel som gjer dei i stand til å kommunisere med omjevnadane, er ein føresetnad for å få ei likeverdig og tilpassa opplæring.

Vi vil derfor be om at det vert gjort ei endring av opplæringslova, der retten til opplæring i og på ASK vert lovfesta for elevar som etter sakkunnig vurdering har trong for at det vert gjeve opplæring i og på ASK.

Med helsing
ISAAC Norge

Arne Myklebust
leiar

Jenny S. Hysing
rettighetsgruppa

Ref.:

Tetzchner, Stephen von og Martinsen, Harald (2002:) *Alternativ og supplerende kommunikasjon. En innføring i tegnspråkopplæring og bruk av kommunikasjonshjelpemidler for mennesker med språk-og kommunikasjonsvansker*. Oslo: Gyldendal Akademisk